

«Det vestlege systemet er å selje sin eigen moral med vald.»

Pål Hollender, regissør av dokumentaren *Finding Ali*

CATHRINE BRØYMER
cathrinebroymer@hotmail.com



frå Sør



– Det vestlege systemet er å selje sin eigen moral med vald, seier Pål Hollender. Foto: Roald Helgheim

jet hadde trekt seg ut som den beste? Kvifor?

– I 60-åra likna Afghanistan meir på eit Vesten som også hadde sine problem. Sidan monarkiet vart styrta, har landet vore hærteke og/eller i krig, og slik eg ser det, har afghanarane vorte fråstolne mogleiken i førti år til å skape eit sivilisert samfunn for seg, seier Pål Hollender.



in. Bilete: Film frå Sør

ein politisk film, handlar det mest om ei verd dit politikarane ikkje når. Eg har vore hos publikum i salen i mange visingar, og det var heftige diskusjonar blant sekstenåringane i skulen her i byen, seier regissøren med ein lovande debut med eit smil.

Frå festival til kino

Ti av filmene frå årets Film frå Sør kjem på kino.

Sangen i mitt hjerte (Argentina/Tyskland). Premiere i dag (sjå melding).

678 (Egypt). April 2012.

Nader and Simin (Iran). 25. desember.

Tambien la lluvia/Even the rain (Spania/Frankrike/Mexico). Tid ikkje fastsett.

Arietta (Japan). 25. desember.

Certified copy (Irland/Frankrike/Italia). Ubestemt.

Tropa de Elite/Nädels Fiende (Brasil). Hadde premiere 7. oktober.

Poetry/Poesi (Sør-Korea). 28. oktober.

Viva Riva (Kongo). Ubestemt

Where do we go now? (Libanon). Ubestemt.

Den 21. Film frå Sør-festivalen opna 6. oktober, det blir delt ut fire prisar, og han blir avslutta søndag.



Gamal familieidyll i filmen. Bilete: Film frå Sør

Sterkt frå Israel

Israel er representert med fleire filmar, men sterkast er *The Queen has no Crown*, der regissør Tomer Heymann vender kameraet mot seg sjølv og familien. Han er homofil, men har ikkje som brørne gjeve opp Israel og reist til USA. Eit sterkt familieportrett i eit Israel der fordømane ofte får sterke uttrykk. Regissøren fortalde at reaksjonane elles var sterkast i Berlin.

– Eg moraliserer ikkje, det er ikkje ein homofilm, men om ein familie der eg er homse, og familien gav meg frie hender.

Tahrir i tre delar

Tahrir 2011: The good, the bad & the politician er ein dokumentar om oppreisten i Egypt, ekstra aktualisert gjennom dei seinaste hendingane. Tre regissørar har laga kva sin del, den eine om opprøret på sitt høgste, ein om den sentralt mobiliserte motstanden for å slå ned opprøret, og ein fantastisk dokumentar om korleis Mubarak bygde sitt eige image som diktator og velgjerar, ein politisk voksfigur mange statsleiarar stod på god fot med.



Jessica Schwarz i sterk rolle som Maria, på leiting i Buenos Aires etter sin eigen identitet. Foto: Filmweb

Sterk soge om eit bortført barn

Sangen i mitt hjerte pirkar i Argentinas vonde historie.

FILM

Sangen i mitt hjerte

Regi: Florian Cossen

TYSKLAND/ARGENTINA 2010

Det kunne ha vore ei reint tåredrypende forteljing om ei dotter som oppdagar at ho blei bortført som lita jente, og som mirakuløst finn attende til slekta som vaksen. Litt som Tore på sporet, men berre litt. *Sangen i mitt hjerte* avdekkjer ei utruleg historie, men ho er så stillfarande og så enkelt fortald at det meste synest realistisk: Ei ung, tysk kvinne høyrer plutsleg ei mor syngje ein voggesson for babyen sin og blir kasta attende til ei fortid i Argentina som ho ikkje visste noko om.

OPPGJER

Sangen i mitt hjerte hentar fram hendingar knytte til diktaturet i Argentina i 70- og 80-åra, då fleire tusen menneske blei drept. Mange av borna blei bortførte. Når Florian Cossen lagar film om emnet, blir det ikkje berre eit fatta oppgjær med dei historiske hendingane. Filmen byr oss like fullt ei von om forsoning.

Kamera glid sakte, nesten urørleg over gatene i Buenos Aires idet filmen byrjar rulle over lerretet i kinosalen. Kva slags historier er det som løyner seg i bilane og i husa? Klip-

pet gjev oss eit seigt overblikk over staden og byen, innan vi blir flytta til Tyskland og den unge kvinna Maria. Ho er på reisebot til Chile, men kjem seg ikkje vidare på mellomlanda i Argentina. Kva var det som skjedde med henne der, då ho var lita? På eit merkeleg vis er det tydeleg at det hende noko i Buenos Aires. Og då ho ringjer faren i Tyskland og fortel, kjem han dit han også.

ROM FOR KJENSLE

Gjennom faren freistar Maria hugse, og her er det rom for kjensler i hopetal. Kanskje er det derfor ho som spelar Maria, Jessica Schwarz, held attende og er roleg nær på heile tida. Den kjølige haldninga til hovudpersonen skaper jamvel eit godt rom for kjenslene og spørsmåla til tilskodaren. I staden er det filmbiletas rørsler og klipp som freistar gje oss eit ørlite innblikk i kva som rører seg bak det stoiske andletet. Dinest har vi bileta av hovudpersonen som med jamne mellomrom sym fram og attende

i eit basseng. På eit vis er det symjinga som strukturerer filmen, som eit einaste fysisk, fast haldepunkt.

Det er mykje tilskodaren ikkje får vite, sjølv om vi både ser og høyrer den poetiske skrapinga i Argentinas nære fortid. Vi får ikkje vite kva som hende med foreldra til hovudpersonen. Trass i dette er det få konfrontasjonar. Det bortførte barnet, Maria, freistar stille faren til veggs, men det er tydeleg at ho kjem i klem mellom det ho fekk og det ho mista. Og her ligg dilemmaet. Andre moglege konflikter blir også liggjande. I ein samtale på bussen seier politikjærasten til dømes at han ikkje vil vite noko om posisjonen til faren under diktaturet, av di han ikkje ønskjer nokon grunn til å hate. Dette verkar unnnvikande, men er truleg berre eit forsøk på å leve vidare.

CATHRINE BRØYMER

Cathrine Brøymer er litteraturvitar og fast filmmeldar i Dag og Tid.

Ei ung, tysk kvinne høyrer plutsleg ei mor syngje ein voggesson for babyen sin og blir kasta attende til ei fortid i Argentina som ho ikkje visste noko om.